



Bøsseberarane

Referansar:

Dykkar:

Vår: 17/913 - 17/12187

Saksbehandlar:

Anne Dahle Austrheim

anne.dahle.austrheim@radoy.kommune.no

Dato:

11.10.2017

## Informasjon til bøsseberarane for TV-aksjonen 22.10. 2017

**Takk for at du tok på deg å vera bøsseberar på denne nasjonale dugnaden for Unicef!**

TV-aksjonen 2017 skal gå til Unicef og deira arbeid for å gje utdanning til barn som er ramma av krig og konflikt

*Aksjonskomiteen for kommunen sin innsamlingsaksjon har i år vore sett saman av: Jon Askeland (leiar), Tore Villanger, Ludvig Grindheim, Jon Magne Soltveit Gabrielli, Torill Helland og Anne Dahle Austrheim (sekretær).*

### Hugseliste:

**1. Få tak i bøssa:** Du må anten henta bøssa sjølv på rådhuset, eller du avtalar med rodeleiaren din om å få materiellet heim. Me ønskjer at flest mogleg hentar og kvitterer ut materiellet sjølv. Dette kan gjerast **på rådhuset torsdag 19. oktober kl. 14.00 - 15.30 eller fredag 20. oktober kl. 12.00-16.30.**

**2. Sjølve innsamlinga:** Søndag 22. oktober kl. 15.00 er det felles start for bøsseberarar. Det er viktig at du besøker alle husstandane på ruta di (sjølvsagt berre om tida strekk til). Hugs å vera legitimert med ID-kort godt synleg på ytterkleda. Dersom folk ikkje er heime, heng meldingslapp på døra (vert utdelt saman med bøssene) om at du har vore der. Ungdom under 18 år, skal normalt ikkje gå åleine med bøssa.

**3. Innlevering av bøssa:** Merk at det er ny innleveringsplass for dei som går på Manger. Bøssene må leverast på **rådhuset** søndag 22. oktober **mellom kl. 17.00 og 18.00 (seinast 18.00).** For dei andre står det informasjon på **vedlagte liste om kvar og til kven du skal levera bøssa.** Det er viktig at du sjekkar at innleveringa di er registrert av rodeleiar eller av den som tek i mot på rådhuset.

**4. Har du spørsmål?** Kontakt rodeleiaren din.

Med helsing

Anne Dahle Austrheim  
leiar kultur- og sørvistorget

Jon Askeland  
ordfører, leiar av aksjonskomiteen

---

#### Post

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

#### Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634



*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Bøsseberarane